

Filmpremiere: – Det kjennest rett, sjølv om mamma er borte

– Ein kveld vi har sett fram til lenge. Planen var heile tida å ha premiera i Stryn. Det er her filmen høyrer til, sa regissør Margreth Olin då ho og faren sto klare på raud løpar og skulle inn på premiera for «Fedrelandet» på Stryn kino.

Då filmen hadde gratis førehandsviisning utandørs i Oldedalen, deltok begge foreldra til filmskaparen. Begge er med i filmen. Margreth Olin følgjer i faren sine fotefar i og rundt Oldedalen, men mora, dei tette banda og det nære og ærlege samspelet mellom foreldra er svært viktige element i filmen.

Men berre timar etter førehandsviisninga i Oldedalen vart mora brått alvorleg sjuk. Ho vart henta av luftambulans og flaug med dottera ved si side over dei same fjella som ein ser i filmen. To døgn seinare døydde ho på sjukehuset.

Vurderte å stoppe lanseringa

Midt i sjokket og sorga vurderte Margreth å stoppe heile filmanseringa.

– Vi lurte på om vi skulle utsetje det. Men eg og pappa snakka om det, og pappa sa «det kjem ikkje til å bli lettare seinare heller, Margret». Og datoane låg der, så

Den første premiereveka reiste ho ikkje med filmen. Ho var heime på Stranda, men reiste til Trondheim til arrangementet der ho møtte Liv Ullmann, utøvande produsent på filmen, til samtale i Olavshallen. Dette var Margret sin første dag på jobb igjen etter mora si gravferd.

– Så kom pappa til Oslo, han sat på med Lillian, Dag Asle og Stig Daniel Mykløen frå garden, og så var dei med på premiera på Colosseum. Då kjendest det ut som det gjekk an å gjennomføre dette, slik vi hadde planlagt, seier Margreth Olin til Fjordingen.

Med oss heile tida

– Det har vore veldig sterke da-



KJENNEST RETT: Jørgen Mykløen og Margreth Olin fortalde at det kjennest rett å reise rundt og presentere filmen, sjølv om Magnhild, ektefelle og mor, gjekk bort rett før filmen skulle ha offisiell premiera. I ein enkel og gripande sekvens la filmskaparen ned ei rose for mora på scena, framfor lerretet, og faren la si rose ved sidan av.

gar, men fint også, fordi vi er i lag heile tida. Og som pappa seier: Mamma var veldig stolt av filmen, og stolt av han. Ho hadde villa at filmen skulle bli vist.

– Føler du at de har henne litt med dykk?

– Eg føler at pappa har henne rundt seg heile tida – der han er, der er ho. Difor er det veldig fint å vere i lag med han.

Ståande applaus

Etter ei kort innleiing før premiera i Stryn, la filmskaparen ned ei rose for mora på scena, framfor lerretet, og faren la si rose ved

sidan av. Ein gripande sekvens som gjorde inntrykk på alle i salen.

Etter visninga i Stryn kulturhus kvitterte publikum med ståande applaus.

Filmskaparen takka ei rekkje aktørar som har bidrege til at filmen kunne bli til, alt frå vèrreportar og mat til filmstaben til dronefilming, guiding, historie og gamle foto.

Verdas største

Margreth Olin set laurdag kursen for Toronto, der ho skal vere på Toronto internasjonale filmfesti-

val med «Fedrelandet».

– Er du spent?

– Absolutt. Det er jo verdas største publikumsfestival, og det er kritikarar som har høge forventningar til filmen og har plukka han ut som ein dei ventar på å få sjå. Men eg gler meg.

– Den festivalen har vore eit springbrett inn på den amerikanske marknaden for norske filmar før, tenkjer du noko på det?

– Ja, det tenkjer vi absolutt på!

Fullt hus, fleire sjansar

Det var heilt fullt i kinosalen i kulturhuset på premiera.

– Det er fullt, ja, sa ein nøgd kulturhusleiar og kinosjef, Kåre Bruvold Alme, som endeleg har fått stell på kinomaskina.

– Men det blir fleire sjansar. Vi har sett opp filmen fleire gongar framover, og kjem til å gjere det så lenge det er folk. Vi har også sett opp nokre dagframsynningar, seier Alme.

Olin sin dokumentar har hatt ei knallopning på kino. Over 14.000 har sett filmen hittil, og måndag var dette den best besøkte kinofilmen i Norge.

GUNNHILD SINDRE

gunnhild.sindre@fjordingen.no



STØTTE: – Det er mange som har støtta dei 10 gratis utandørsviisningane vi hadde, men aller flest støttespelarar hadde vi i Stryn, sa Margreth Olin, som takka ei rekkje aktørar for støtte.



KJELDER: Fleire viktige kjelder fekk også si takk, mellom dei var Selma og Olav Kvame.



MANGE FEKK TAKK: Det var mange som fekk takk for å ha bidrege til at filmen kunne bli til. Mellom anna frå familien på garden Mykløen, her Lillian Mykløen.